


TEMA: Kirke og kloster ①52, Folkekunsten ①127
KART: ①53

Ænes

«MÅLABUO» PÅ GJERDE



Den store rosetten i gavlen på «Målabuo» er eit typisk renessansemotiv.

«MÅLABUO» på Gjerde i Maurangerfjorden har vore prydd med storlagd renessansedekor, som i dag er nesten borte. Årstalet 1588 er skore inn på den eine oken på døra inn i bua. Røykstova i tunet er frå 1786, og eit tohøgda loft er truleg òg frå 1700- talet.

Eit omhugsamt studium let oss ana linjene i eit fargesterkt interiør i bua. I gavlfelset har det stått ein stor rosett omgjeven av rankar og roser. Kring veggene frå raftehogd og ned til benkehøg, har det vore eit belte med kassettornamentikk, med fargeveksling mellom raudbrunt og svart og (kanskje) oker og kvitt. Ein firbladsrosett pryder kvart kvadrat.

Tradisjonen fortel at bua opphavleg var oppsett som «brurahus» ved eit gjævt bryllaup. I 1588 sat BØRGE GJERDE på garden. Han var lagrettemann og ein av dei fremste bøndene i Mauranger.

På eitt av blyglasvindaugo i bua finn vi eit motiv som også høyrer heime på 1600-talet: ei kvinne som byd rytteren eit velkomststau. Det var ein utbreidd skikk i Europa å gje glasmåleri med figurmotiv og eigar/gjevnamn som 'husgåve' til eit nytt hus. Både på Ænes, Torsnes og Mel var det rike slekter som kan ha vore omgangsvenner med bonden på Gjerde.



ÆNES har vore ein av dei gode gardane ved Maurangerfjorden i mellomalderen. På Harald Gilles tid, kring 1130, høyrer vi om GAUT på Ænes. Adelsslektene kring Hardangerfjorden gjorde seg tidleg gjeldande i det politiske liv, og det er lett å sjå at den fine og frittliggjande garden på Ænes (①99) også var ein god kyrkjestad.



Kyrkja på Ænes ligg vakkert til på neset ut mot fjorden.

Steinkyrkja på Ænes er truleg bygd i siste halvdel av 1200-talet. Om det har stått ei stavkyrkje her tidlegare, veit vi ikkje sikkert. Steinkyrkja har halvannen meter tjukke kistemurar; ei lita einskipa kyrkje med smalare kor. Det noverande, litt flate taket fekk kyrkja ved ei ombygging i 1869. Då vart også vesttårnet oppført i tre. Tidlegare stod det eit rektangulært vindauga i sørmuren. Dette vart erstatta av to rundboga vindaugo ved ei restaurering i 1950-åra. Frå 1600-talet og fram til 1901 høyrde Ænes og kyrkja til stamhuset i Rosendal.

Sønene til Gaut på Ænes, JON og MUNAN, vart lendmenn under Magnus Erlingsson. Begge brørne miste livet under kampane med Sverre. Jon sine søner heitte ANBJØRN og GAUTE. Anbjørn vart oppfostra hjå baglarbispem Nikolaus Arnesson, medan Gaute slo seg til på Mel, som nokre hundreår seinare vart ein del av baroniet i Rosendal. Heilt eintydige er ikkje dei historiske kjeldene. Det har vore peika på at Ænes kan vera ei feil-lesing for Urnes (i Sogn); i så fall vert historia ei anna. □

Landhandelen på Ænes frå 1880-åra høyrer til dei yngre handelsstadene som voks fram etter 1842.

